


Minifjellfører for Bodø-området



Dette er ei samling av meir eller mindre gjennomarbeida rutebeskrivelser for fjellklatring i Bodø-området. Her er klassikarar som Strandåtind, Preikestoltind og Mjelletindane. I tillegg litt mindre kjente turar og toppar som Breitind på Kjerringøy eller austeggen på Per Karlsatind.

Bruk føraren som de vil, men ikkje kopier eller legg ut føraren på andre nettsider e.l.

I Bjárangen har Eirik Nøst-Nedkvitne gjort ein god del meire nye ting. Bjárangen er fortsatt lite oppdatert. Kanskje neste versjon? Men elles er det mykje nytt her sidan førre oppdatering

.Bodø 09.09.2024. Sveinung Bertnes Råheim.



Innhold

Minifjellfører for Bodø-området.....	1
Bjæranngen - Sætertindane	4
Hjartfjellet i	
Bjærangstindane	9
Arstaddalen i Beiarne	10
Mjelletind og Mulstrandtind	12
Sørvestveggen på Mjelletinden	13
Sørveggen på Breitind	14
Valviktinden	17
Valviktinden - høgre pillar	18
Vestveggen på Børtind	22
Travers av Aselitindane	24
Travers av Falkflågtindane	25
Børvasstindtraversen	25
Strandåtinden og Eidetinden	26
Nordveggen på Eidetinden	26
Nordveggen på Strandåtinden	35
Strandåtindtraversen	36
Sørveggen på Strandåtinden	38
Låtertinden	40
Austeggen	40
Breitind og Trolltind	43
Breitind	44
Trolltind	45
SJUNKHATTEN fører	46
Kjente ruter på Sjunkehatten	49
1. Vest-ryggen	49
2. Vest-flanka via Skorsteinen	49
3. Sørpillaren	50
4. Sør-eggen til Fjøra i hatten	51
5. Sørveggen direkte via Fjøra i hatten	51
6. 1909-renna	52
7. Nord-aust-eggen	52
8. Nord-vest-eggen	53
9. Nord-vest-snørenna	53
Prekestoltind	55
Vestveggen på Prekestoltind	59
Vestveggen - skisse. Utklipp frå gammalt veggslarv	60
Skjolden, Midnattstind og Rundtind	63
Midnattstinden	65
Vest-Pillaren	65
Husbyviktinden	66
Vest-eggen	68
Aust-eggane	69
Skottindtraversen	73
Hamarøyskaftet	74

Bjæringen - Sætertindane

Bjæringen og Sætertindane litt sør i Meløy kommune. Køyr kystriksvegen (FV 17) til Ørnes, ta ferje over til Vassdalsvik og fortsett mot sør forbi Engavågen. Vegen går då rundt Bjærangsfjorden. Kjem du frå sør vil du ta av frå FV17 på Halså. Første fjorden du kjem til er Bjærangsfjorden. Sætertindane ligg på nordsida av Bjærangsdalen. Det er gått nokre ryggraverser der og området har hatt besøk til er klatrere tidlegare. Men eg har ingen detaljer. Rutene som er med her er klatra og dokumentert av Eirik Nødkvitne. Kart og topop sto først på trykk i tidsskriftet "Norsk alpinklatring 2020" gjeve ut av Norsk tindeklub i 2020.

1. Muskedunder 6+

12 taulengder opp den svært markerte sørpillaren. Mange grad fem- og sekstaulengder. Mulig retur ned renne ved sida av toppen. Førstebestigarane fortsatte opp på hovedtoppen og fulgte ryggen mot vest over fleire toppar. Denne "returen" er ein tur i seg sjølv med mange rappeller og ein del klatring. FG: Eirik Nøst Nedkvitne og Ørjan Grefstad 12.6.2019.

2. Sabotørruta 7-7

Denne ruta ligg lenger inn i dalen. Fin klatring, alle taulengdene har god kvalitet. Linja er tydeleg og følger opp venstre side av veggene med diedre og riss heile vegen. Nokre kan sjå sparsomt sikra ut, men det dukker heile tida opp gode plasseringar når avstanden til førre byrjar å merkast. FG: Eirik Nøst Nedkvitne og Ørjan Grefstad 16.6.2019.



Muskedunder 6+, 14 tl, 600m

Eirik Nøst Nedkvitne og Ørjan Grefstad 12. Juni 2019

1-2. Lett klatring opp til stort utsprang

3. 5+ Bratt opptak til venstre for utsprang

4. 5+ Flott riss opp til hylle

5. 5+ 50 meter med rissklatring på stor plate.
Hengende standplass der platen slutter.

6. 6- Opp bratt heng, deretter dieder til god standplass.

7. 6+ Riss til travers under lite overheng. Avslutt med flott riss til god stand på stor hylle.

8. Følg riss/renne opp mot venstre deretter laybacking-riss oppover.

9. Hold rett opp til vegetert hylle.


10. Hold rett oppover (mange alternativer) til stor skrånende hylle/rampe.

11. Følg rampe til kamin opp til en hammer. Velg venstre og sett stand før bredt riss i dieder.

12. Opp dieder og følg formasjonene ut til høyre.
Sett stand i bunn av stor renne.


13. Opp renne til dieder. Der diederet stopper stepp ut til venstre, deretter traverser noen meter til høyre til hengede standplass

Følg deretter eggen opp til toppen.




Sabotørruta 7-/7, 13 tl, 550m

Eirik Nøst Nedkvitne og Ørjan Grefstad 16. Juni 2019



1. 6+ (30m) Opp riss til liten hylle før dieder
2. 5+ (30m) Lenende dieder
3. 6- (50m) Markant riss opp til stor hylle
4. 6 (50m) Opp markant dieder til hylle. Forsett opp rissystem til hylle. Traverser ut venste og sett stand under en liten egg til høyre for neste dieder.
5. 5+ (45m) Forsett opp dieder. Noe lengre mellom gode sikringsmuligheter. Hengende stand rundt hjørnet.
6. 5 (40m) Videre opp til stand under første hammer.
7. 6+/7- (20m) Traverser ut hylle til høyre for vertikal veggklatring der en 0.4 C4 får plass i et lite riss (crux). Veggklatring til bratt rissystem.
8. 7-/7 (30m) Godt sikret bratt taulengde til stor hylle
9. 6- (50m) Flott rissystem til høyre for andre hammer
10. 5+ (50m) Følg slakt stort dieder og stepp ut i riss mot eggen.
11. 5- (50m) Sikt mot veggen full av riss. Velg et av dem.
12. 4+ (60m) Lang taulengde til topphammer.
13. 5- (60m) Mange muligheter. Enklest mot venstre.



Sabotørruta original7

FG: Juli 2018 av Steinar Holden og Asmund Vaage.

Grad 7, ca 400 meter klatring.

Kraftkar.....7


11 tll, 400 m. FG: Ørjan Grefstad & Eirik Nøst
Nedkvitne 2020

Hjartfjellet

Storkosen (5)

Almar Vreim Brandal og Eirik Berge

14. juli 2021



1. Opp tydelig dieder og riss. Standplass ved klynge med små hyller (60 m).

2. Fortsett videre opp riss via liten offwidth. Standplass under stor løs blokk (60 m).


3. Ut venstre via flak til stort dieder. Opp dette og opp opptak til standplasshylle (50 m).

4. Litt ut venstre og rett opp flak til dieder og riss. Standplass på stor hylle under lite takoverheng (55 m).

5. Litt opp før travers ut venstre. Traverser takoverheng ut høyre til opptak. Etter opptak klatre ut venstre til større riss. Standplass over liten kamin (55 m).

6. Svatravers ut høyre til hult flak. Klatre sva videre til rampe som traversers langt venstre. Klatre via dieder/små takoverheng til riss ut venstre. Standplass på stor hylle (60 m)

7. Gå litt ut høyre til tydelige begroddede diederformasjoner. Følg disse til topps. (40 m).




Hjartfjellet i Bjæringstindane

Hjartfjellet ligg lenger vest enn dei bratte Sætertindane. Litt mindre bratt. Ruta finn vegen opp i høgre kant av gryta under Hjartfjellet. Retur mot aust, til slutt ned langs Mølnåga. Linjeføring vist omtrentleg på kartet over.

Det er ei kjent rute der.

Arstaddalen i Beiarn

Arstaddalen ligg som sidedal til Beiardalen. Det går anleggsveg innover dalen til Arstaddammen. André Wagelid har funne ein flott svavegg midtvegs opp dalen. Anmarsjen er i seg sjølv eit eventyr - tyrollertravers over Arstadelva. Sjølve klatringa går i austveggen på utstikker frå Sirtinden



Eventyr i Beiarn6-

165 m, 4 taulengder. Dette er ei perle av ei rute. Rissklatring av høg kvalitet. Tre første taulengder er godt sikra. FG: André Wagelid 2023.

1. taulengde ca grad 5. Kan klatras litt frå hylle til hylle for å unngå usikra sva i toppen. Standplass i tre.
2. og 3. taulengde er 5'er-klatring i nydeleg riss. I overgang frå eine risset til det andre er det sett ein borebolt, dette er kanskje cruxet på ca 6-. Ha med store blå og sølvgrå DMM/BD cams. Boreboltstandplasser. Nydeleg klatring.
4. taulengde er meir sparsomt sikra - litt "Blåfjell". Litt vegetasjon, hul klang og spennande flytt. To-tre store cams kan vere bra, type Black diamond camalot 5 og 6. Sjølve klatringa er artig.

Retur via bolta rappellfester. Siste rappell frå tre/busk.

Anmarsjen er eksotisk. Først ned til Arstadelva. Deretter taubane/tyrollertravers over elva. Denne må strammast opp med Z-talje. Slakk den opp på retur. Sikre med slynge på øvste tau. Heng og ryggsekk på øvste tau. Det er rydda litt kratt opp til veggen. Den er merka med oransj garn.



Fine riss i Arstaddalen! ©Sveinung Bertnes Råheim





Mjelletind og Mulstrandtind

Sørvestveggen på Mjelletinden ligg høgt og fritt over Mjelle og Mjellestranda. Sjølve veggen er vel 100 m høg, men den bratte lia ned mot Mjelle gjer at det blir luftig fort. To ruter er kjent her - I skyggen av kjerringræva og Himmel og hav.



Sørvestveggen på Mjelletinden


Sørvestveggen på Mjelletinden ligg høgt og fritt over Mjelle og Mjellestranda. Sjølve vegggen er vel 100 m høg, men den bratte lia ned mot Mjelle gjer at det blir luftig fort. To ruter er kjent her - I skyggen av Kjerringræva og Himmel og hav.

1. I skyggen av kjerringræva 3+

Følgjer ryggen til venstre for renna mellom Mjelletind og Mulstrandtind. Enkel klatring med mange vegval. FG Inger Sjøberg og Charles Berstad??? 1993??

2. Himmel og hav 5+

Ruta starter 70-80 m til venstre for innsteget på I skyggen av Kjerringræva. Følg den bratte grasflanka ved foten av sjølve sørvestveggen. Innsteg ved ei blokkoppstabling i høgrekant av vegggen. Ruta går rett til venstre for eit overheng og til høgre for det neste. Bratt og tidvis eksponert klatring i fast fjell. Litt begrodd. Tungsikra i første taulengde. Etter dei to første taulengdene legg fjellet seg - fleire mulegheiter i toppen. Sikt mot varden, to taulengder rundt grad 3-4 med spredt sikra listesva og enkelte opptak.FG: Torgeir Kjus & Bjørn Petter Arntzen 22.6.1996.




Sørveggen på Breitind

1. Takk for tak i taket..... 6+

FG: Torgeir Kjus & Tommye Skeide juli 1995 (6+/A0). FG-fri: André Waglid & Outi Lassila 2017

Ruta følger ingen spesielle formasjoner og den byr derfor på spennende og variert klatring. Generelt er fjellet bra og ruta har bortimot ingen innslag av hyllevassing eller begroddede parti. Både første og andre taulengde er noe tungsikra, kan oppleves som sparsommelig sikra. På topoen til venstre er det foreslått standplasser med røde ringer. Anbefales å legge standplassen før cruxet rett under svæet. God standplass og god kommunikasjon på cruxet.

Denne ruta finner du i sydveggen til Breitind. Innsteg der ura går over i et sva (ca 200m oppe i renna). Start på stor blokk ved veggens like ovenfor fastklemt stein. Ta sikte på lite tre under overhendet. Ta med normalt sikringsutstyr. Fordel med mange friends. Størrelser fra ca blå/grønn allien til camalog 3-3,5. Cruxet er 6-7 m 120° bratt klatring, velsikra!





2. Kristian og Jo Espen 6+ / A0 (7+)

FG: Jo Espen Rønningen og Kristian Vindvik juli 2022. Første taulengde klatra før. Jo Espen og Kristian fullførte ruta i juli 2022.

Mykje fin klatring, kruxet er i toppen, topprisset er synleg frå innsteget. Noko laust, men mest fin, bratt vegg. Til tider eksponert.

1. tl: Følg riss/dieder. Fordel med stand før hylletravers pga taudrag. 40 m grad 5.
2. tl: Hylletravers 20 m
3. Bratt opptak i riss. Blir lettare etterkvart. 30 m grad 6+
4. Start i bratt riss med skumle blokker opp


mot tydeleg kamin. Travers venstre under kaminen. Krevjande å finne gode standplass-sikringer. 30 m grad 5. Førstebestigarane tilrår å strekke 3 taulengde 10 m lenger for dermed å kunne gå litt høgare i 4 taulengde, vil gje betre standplass.

5. Startar i bratt riss med skumle blokker på venstre side av hulle. Deretter lettare terreng mot tydeleg bratt avslutningsriss. 30 m grad 6/6+.

6. Bratt riss til topps. 25 m 6+/A0. Frigrad antatt 7+.

Mot høgre i toppen går ein kamin. Denne er klatrebar, men fyllt med lav.

Retur mot vest via Mulstrandtind.



Valviktinden

Sørveggen på Valviktinden er todelt. Ei djup kløft deler veggen i to - denne kløfta er klatra vinterstid og har namnet "Fuzzy".

Valviktinden venstre side av kløfta

Første rute opp sørveggen på Valviktinden følgjer venstre side av kløfta. Ruta vart gått i 1971 av Ole Skjervén og Jan Ulvin, følgjer det dei kalla Midtribben. Vi må anta at dei i hovudsak fulgte pillaren oppover. Den har mange vegval. Sørveggen fekk fleire besøk utover 70- og 80-talet. Lite detaljer er kjent.

I 1995 gjekk vart ei rute langs pillaren skildra med detaljert topo- 4 timer overtid. Dei siste 10 åra har denne delen av sørveggen hatt ein god del aktivitet. Den er klatra vinterstid, soloert og har fått ein ny, forholdsvis krevjande rute litt til høgre for sjølve pillaren.

1. Solo..... 5+

Variantavslutning. Ut høgre under overheng i toppen. Gått første gong tausolo av Georg Waller i 2015.

2. Fire timer overtid 5+

6-8 taulengder. Ca 250 meter klatring. Ruta er prega av tildels fine taulengder med ulik grad av vassing/klyving mellom.

Anmarsjen starter i Valvikdalen på parkeringsplassen til Veslefeltet. Sikt på veggen, rekn ca 1 time opp til innsteget. Oppe ved veggen, klyv opp i "kløfta" i ca 100 meter til du er under markert hammer. Gå ut venstre på grashyller, opp og inn høgre att til du står under tydeleg vegg med riss gjennom lite overheng, heilt ut mot kanten på kløfta. Opp venstre står tydeleg stor stein på høgkant.

Første taulengde går opp litt grumsete fjell. Ut venstre under overheng og opp litt grovt dieder. Andre taulengde er transport. Tredje går opp kort hammer, deretter fleire småopptak før ein er ved neste bratte vegg. Fjerde taulengde går opp bratt vegg via tydelege riss til venstre for grov sprekk / kamin. Tungt og fint. Avslutt på markert hylle. Femte taulengde går opp fine riss til høgre for grov sprekk. Fin klatring. Femte taulengde er lang, går oppover svært moderat terreng til ein er på toppen av pillaren under toppveggen. Sjette taulengde går ut venstre via skråriss.

Også muleg å avslutte turen med ruta "Toppammer"n-

Retur enklart over mot høgre og ned renna mellom Valviktinden og Diederveggen.

3. Nortindopptak..... 5+

Andre Wagelid og Outi Lassila. Felles start

og avslutning med "4 timer overtid". Går litt meir direkte i 2. taulengde, følgjer markert riss til venstre for dieder. Går rundt 5+-taulengda lenger opp.

4. Georg og Øyvind 5+

Ruta starter godt oppe i Fuzzy. Klatre / klyv forbi første hammer, deretter ut venstre. Kanskje den finaste kombinasjonen av taulengder opp veggen. 3. og 4. taulengde felles med 4 timer overtid. 2017?

5. Hvitstripa 6+

Andrè Wagelid og Outi Lassila.

Er ikkje ei sjølvstendig linje, men oppsøker nokre utfordrande taulengder som variantar på rute nr 2. I fjerde taulengde klatrer ein det markerte takoverhenget til venstre for 5+-taulengda på "Fire timer overtid". I toppveggen klatrer ein den kvite stripa, spennande klatring, flott og vedvarande. Kan opplevas litt tungsikra.



Valviktinden - høgre pillar

Sørveggen på Valviktinden består av to adskilte pillarar skilt av ei markert renne. Denne renna er vinterklassikaren "Fuzzy": På høgre side av pillaren går klassikaren "Himmelspretten" og eit par andre ruter. Rutene skildra her er ikkje førstebestigningar av pillarane. Begge sider er klatra på 70-talet via i dag ukjente linjer. Det er klatra fleire ruter der. Og vinterruta "Fuzzy" er klatra om sommaren i den epoken. Førstebestigning av den høgre pillaren var sannsynlegvis i 1978 av Jan Christian Andersen og Kjell Eugen Andersen. Denne ruta følger sannsynlegvis lettaste veg i området der Himmelspretten går. Det er muleg å krysse seg opp via hyllesystem dei 3 første taulengene. Vidare opp følgjer Himmelspretten stort sett enklaste veg. Generelt må ein forvente ein del "grums" i Valviktinden. Men fjellet er stort sett fast og av god kvalitet. Innimellom held klatringa høg kvalitet. **Anmarsj:** Køyr FV 834 mot Kjerringøy. Parker på stor parkeringsplass på venstre side av vegen ca 1,5 km etter avkjøring til Mjelle. Følg sti mot Veslefeltdet, hald til venstre etter første bakke. Kryss myrdraga og følg bjørkeskog/berg/ur opp til vegen. Beregn 45 min - 1 time til innsteget. **Retur for rutene til høgre for kløfta:** Gå omlag

50 m oppover etter utsteget, gå så rett inn høgre mot renna under Diederveggen. Gå ned att via Bratthammaren, delvis synleg sti. Det er og muleg å gå til topps, anten rett opp (lett) eller via "Toppammeren", to nye taulengder med klatring.

1. Himmelspretten 5

8-9 tl. ca 300 m. Ruta følgjer pillaren / ryggen like til høgre for kløfta. Ruta er noko begrodd i nedste del, medan øvre del er meire rein. 1 og 3 taulengde følgjer stort sett hyller og begrodd fjell. Reisten av ruta har jamt over fin klatring.

Innsteg ved 5 m høgt dieder (ofte vått) ca 50 m til høgre for kløfta. Enkelt å traversere inn frå venstre og dermed unngå dette. Stort sett velsikra klatring med god sikringsmulegheiter. Gode standplasser på hyller.

FG: Ole Roger Jespersen & Torgeir Kjus mai 1990.

2. Variant Himmelspretten 6-

Variant i 2. taulengde. Klatre det høgre risset, traverer inn venstre i toppen. Fin, vedvarande klatring.

3. Korthuset 5

6 tl, ca 200 m klatring. Følgjer dei store diederformasjonane rett til høgre for Himmelspretten, kjem inn i Himmelspretten ved "Fotopinakkelen".

Ruta er jamt over litt vanskelegare enn Himmelspretten. Det er og mykje Nord-Norsk grums i ruta. Vanleg sikringsutstyr. 4 taulengde (nest siste) litt tynt sikra.

Innsteg ca 70 m til høgre for kløfta ved markert renne/kamin. FG: Ingjerd Helen Karlsen & Torgeir Kjus 29.7.1993.

4. Ringenes herre5+

9 tl. Ca 300 m vegghøgde. Ruta går midt på og etterkvart i høgre kant av den høgre pillaren. Ruta er litt meir eksponert enn Himmelspretten. Også i denne ruta er det mykje Nord-Norsk grums. Finaste taulengder er 5, 7 og 8 taulengde.

Innsteg ca 90 m til høgre for kløfta ved tydeleg riss, rett før stor diederformasjon.


- Første taulengde grumsete.
- Andre taulengde starter veldig bra.
- Tredje taulengde følger stor kamin, litt tyntsikra. Muleg å gå inn høgre, det er kanskje lettare, men grumsete.
- Fjerde taulengde opp dieder, deretter travers inn høgre på hylle. Boreboltstandplass.
- Femte taulengde opp fint riss og nydeleg travers ut høgre.
- Sjette taulengde har bratt, fin start, deretter litt smågrumsete.
- Sjuende taulengde har lett og fin klatring.
- Åttande taulengde er bratt, fin klatring opp reine fine dieder, kanskje finaste taulengde på denne pillaren. Etter første dieder kan ein gå rett opp via bratt dieder (6-?) eller traversere ut høgre og følgje hoveddieder til topps.

Normalt sikringsutstyr. Litt ekstra små til mellomstore kamkiler kjem godt med i toppen. Gjerne 3-4 taulengder for å unngå taudrag. FG: Ingjerd Helen Karlsen & Torgeir Kjus 22.7.1993.

5. Toppammer'n5+

2 tl, ca 70 m. Ruta klatra samtidig med Himmelspretten. Fin avslutning, med uttopping på varden på Valviktinden. Det er muleg å kombinere alle rutene i Valviktinden med Toppammer'n, men det er enklast å gjere det for rutene på venstre side av kløfta. Ruta har innsteg ved blokker heilt i venstre kant av den store grasflanka under sjølve toppplatta.

Retur: Frå toppen av Valviktind er det enklast ned til kamin under Diddarvogen (mot aust). FG: Torgeir Kjus & Ole Roger Jespersen mai 1990.





Austeggen på Per Kalsatind

Austeggen på Per Kalsatind går opp den markerte venstreprofilen på toppen når ein ser han frå nord. Klatringa er stort sett enkel i ein flott posisjon. Tidvis eksponert. Fjellkvaliteten varierer, men er bra i dei brattaste delane. Ein del blokkoppstablingar i toppen. Anmarsj følgjer den vanlege turiststien på Per Kalsatind. Rett over Stortind går ein inn under austveggen på fortoppen av Per Kalsatind og følger grov steinurd til ein kjem seg opp på austryggen. Ca 2 timer. Retur følgjer turistruta ned att - ca 1 - 1,5 timer.

1. Austeggen på Per Kalsatind..... 4

*Innsteg etter første bratte hammer, rett før eggen reiser seg. Klatre ca 3 taulengder - 110 m til standplass på varden. 1 taulengde går over eit lite "gap", opp enkel hammer med dårleg fjell. Så over stor hylle til standplass på litt mindre hylle på eggen lenger opp ved blokkoppstabling. (ca 40 m). 2. taulengde graverserer ut høgre ved blokkene, opp markert dieder til standplass på god hylle (20 m). 3. taulengde går opp svaet, vidare på eggen via diverse blokkoppstablingar til standplass ved varden. ca 50 m. Generelt rutefinnsråd: Følg eggen!
FG: Muligens Remi Bendiksen & Sveinung Bertnes
Råheim, 16.7.2010r*





Vestveggen på Børtind

Vestveggen på Børtind er ein karakteristisk, flott vegg, lett synleg frå Bodø og Saltstraumen-området. Det er ikkje mange opplagte linjer opp veggen. I øvre del er den nokså kompakt og klatringa blir ofte nokså utsatt.

Børtind vestvegg 6- Tenestevegen..... 6

Diederformasjon, svakt sigdforma går ca midt i veggen. Følg grasbakker og ur opp til introsvæet byrjar. Sikt litt til høgre for høgre del av "sigden". Gå / klyv oppover introsvæa. Lurt å ta på klatreutstyr tidleg, det blir fort bratt / utsatt. Etter ca 150 m kjem ein til stor hylla. Fortsett rett opp frå denne hylla opp enkle sva, ca grad 3 i ca 100 m. Traverser så svakt mot høgre mot gryta som ligg nedst i "sigden". Standplass etter ca 100 m i starten på diederformasjon mot venstre ("sigden") – ca grad 2-3.

Totalt er introsvæa opp til sigden ca 350 m. Veggen reiser seg herifrå – vanleg taulagsteknikk til topps.

1. Følg diederformasjonen i ca 55 m. Heile tida svakt venstre. Grad 4.
2. Klatre opp diederet under takoverhengen (4 m), traverser ut venstre og fortsett opp til lita hylla. Traverser venstre ca 2 m på hylla, klatre så rett opp blokkoppstablingar via riss og små dieder til hylla etter ca 30 m. Deretter 15 m rett opp enkelt terreng til standplass på toppen. 45 m, 4+.
3. Usikkert her: Følg hovedformasjon vidare, etterkvart kjem cruxet på originalruta. Standplass etter 40-45 m rett under eller på den øvre mørke stripa gjennom veggen (lita hylla), 6-

4. Siste taulengde tek lettaste veg opp frå hylla. Traverser litt til venstre, klatre opp litt uryddig fjell via blokker, små dieder og riss. 20 m over hylla legg fjellet seg - 15 lett til topps etter det. Totalt ca 40 m, 4


Ruta er klatra første gong i mai 1981 av Kjell Eugen Andersen, Erik Vike & Jan Christian Andersen.

Variert av ruta i 2 og 3 taulengde etter introsvæet. Ruta går stort sett i bra fjell, men er tidvis tynnsikra. Ruta følgjer sva og diederformasjonar ute i veggen til høgre for hovedformasjonen og er eit resultat av dårleg rutefinning.....

1. Ruta starter ca 50 meter opp i hovudformasjonen i første dieder som fører oppover i veggen (eit svakt høgrelenande dieder). Klatre dette. I avslutninga av dette må ein rundt og opp på ei stor blokkoppstabling. Klatre opp venstre og rundt over kant akkurat der felt med svart fjell rikt utstyrt med småe tak byrjar. Standplass rett over. Ca 45 m, 6-, litt tynt sikra.
2. Traverser ytterlegare eit dieder mot venstre (ca 2 m). Følg så svak diederformasjon oppover. Formasjonen går litt mot høgre. Første 25 m vanskelegast, deretter legg det seg litt. Stand under lite dieder/takoverheng. 50 m, 6, tynt sikra.
3. Starten på siste taulengde går opp dieder som endar i eit overheng. Klatre ut venstre av diederet og hald fram venstre opp til lita hylla (danna av øvre mørke band gjennom veggen). Gå litt venstre på hylla og følg så enklaste veg opp, sannsynlegvis identisk med originalruta.

Øyvind Skogstad & Sveinung Bernes Råheim
28.7.2010.

"Vestveggen, Børtind"




Originaltopo av Vestveggen på Børtind frå Fjellfører for Bodø.

Travers av Åselitindane

Travers frå Djæveltanna i sør til Børtind i nord. Flott tur med innslag av dårleg fjell. Første kjente travers er gjort av Ivar Sandland og Sveinung Råheim 27.9.2000. Fyrste travers frå Børtind til

Store Åselitind er gjort av Erik Boelhke og Gisle Johnson i 1968. Jan Christian Andersen og Kjell Andersen klatra austveggen på Store Åselitind i mars 1982.

Denne skissa er henta frå Veggslarv 56 i år 2000.



Åslitindane sett frå aust. Ulike «nøkkelpassasjer» markert.

Litt om klatringa:

- Lett klyving opp på Djæveltanna.
- Frå Djæveltanna: Anten utsett klyving frå toppen til rappelfeste, eventuelt 2 rappellar. Siste rappell bratt, umuleg å klyve ned, ca 40 m.
- Cruxet på traversen er å klatre opp att frå skaret. Frå Veggslarv: ”Start beilt øvst i skaret. Klyv opp sva til ein er under markert overheng (lett). Traverser ut til venstre under overbenga til dei blir mindre og nesten forsvinn. Akkurat her vil hylla ein har traversert på stoppe opp. Klatre opp her, eit bratt, men kort opptak (ca grad 5). Vidare opp er det litt laust, men lett. Sjølve opptaket er bra sikra. Ein ny kalksteinshammar dukkar opp, men denne er slakare og kan lett førerast på vestsida.”
- Rett før Store Åselitind er det eit lite ”hakk” i eggen. Deretter bratt vegg som er enkel, men utsett.
- Melom Store Åselitind og neste topp må ein klatre eit dieder på ca 25 meter. Gå ut i vestsida, følgj renne som går over til dieder. Dette diederet brattnar til i toppen, men taka er store. Ca grad 4.

Travers av Falkflågtindane

Fantastisk tinderangeltravers. Startar på Per Kalsatind - endar på Sørlege Falkflågting / Urskartind. Toppene er som følgjer:

1. Per Kalsatind.
2. Rundtind.
3. Breitind. 1-2 rappellar ned frå denne.
4. Namnlaus topp. Klyving opp på denne, enkelt om det er tørt.
5. Spisstind. Turens ”crux”. Enkel opp. 3 rappellar ned att. Muleg å klatre opp på pinakkel før siste rappell, ca grad 3.
6. Urskartind/Sørlege Falkflågtind. Enkelt å gå opp, utsett klyving eventuelt ein rappell ned att.



Aselitindar og Falkflågtindar sett frå Saltstraumbua.
©Sverre Nygaard / www.sverrenet.net


Børvasstindtraversen

Lang, flott tur! Start med Falkflågtindtraversen, avslutt med Åselitindtraversen. Fyrste kjente travers 29.6.2003 av Remi Bendiksen og Sveinung Råheim. Motsett retning er ikkje gjort og sannsynlegvis svært vanskeleg opp nordeggen på Jæveltanna.

Strandåtinden og Eidetinden

Strandåtinden er eit av Norges meir kjente klatrefjell. Eidetinden i motsatt ende av skalaen. I nordveggen på Eidetinden er det to ruter. På Strandåtinden er det to sifra antal ruter både i

nordveggen, sørveggane og opp pillarer og egger rundt toppen. Strandåtindtraversen er moderat, men byr på jamn motstand og er ein av dei finare ryggtraversane i Norge.




Nordveggen på Eidetinden

Nordveggen på Eidetind fekk si første rute og dermed bestigning i 2017 av Jørgen Vestvatn og Kristian Vindvik. Hausten 2019 klatra Mikjel Thorsrud og Jo Arve Repp ei ny rute i same vegg. Utover dette har veggane vore førsøkt vinterstid av Kristian Vindvik og co, men dei har foreløpig ikkje lukkast. Under nordveggen er det ein del bra buldresteinar. Jo-Arve Repp og Mikjel Thorsrud etablerte eit 10-tals buldreproblem der. For detaljer, sjå 27crag.com.

krysser elva. Totalt tek anmarsjen ca ein time. Retur via toppen på Eidetinden og ned turiststien.

Anmarsj / retur

Parker som for Strandåtind ved Låterelva. Følg stien oppover. Gå rett fram der stien mot Låtervatnan, Eidetind og Strandåtind



1. Eidetind nordvegg..... 6

Ruta krysser seg opp nordveggen. For detaljer, sjå Veggslarv nr 98 der turen er skildra. Mykje traversering. Fine parti innimellom. Til venstre er topo som førstebestigarane lage.

FG: Jørgen Vestvatn & Kristian Vindvik 2017.


2. Joker Nord..... 7+

FG: Mikjel Thorsrud & Jo Arve Repp 12.-13. august 2019.

3. Nordpillaren 6

FG: Joda Dolmans & Molly Foudelius august 2023

Rute 1, Eidetind nordvegg. Topo frå førstebestigerane




033126

2. Joker Nord..... 7+

Direktelinje opp nordveggen på Eidetinden. Mykje fin kltring, men krevjande rutefinning og lause parti gjennom store blokkoppstablingar. Sjå topo til venstre og bilde på førre side for detaljer.
FG: Mikjel Thorsrud & Jo Arve Repp 12.-13. august 2019.



Jo-Arve Repp i avslutninga på 11. taulengde på "Joker Nord". ©Mikjel Thorsrud



Eidetinden, Kjerringøy

"Nordpillaren" 420m (6)

Fa: Joda Dolmans & Molly Foudelius
August 2023

3. Nordpillaren 6

Nordpillaren er den vestre av to pillarer i nordveggen på Eidetinden. Joda Dolmans & Molly Foudelius august 2023

STRANDÅTIND NORDVEGG



Tredje standplass på Lille peder edderkopp. Foto Sveinung Råheim

Dei fleste forbind Strandåtind med Strandåtindtraversen, midnattsol, Halls Hammer. Denne traversen er ein av dei mest populære tinderangleturane i Salten og Nordland - fullt fortent. Klatremessig er imidlertid denne traversen meir å rekne som ein parentes. Veggane på både sør- og nordsida har utferkvar rundt 20 ruter med tildels vanskeleg og utfordrande friklatring. Det er nokre få personar som har stått bak storparten av desse rutene: Torgeir Kjus, Bjørn Arntsen og nokre til har opna ein del tekniske ruter i nordveggen. Dette har opna opp for friklatring av desse rutene, spesielt fordi rissa i nordveggen har ein lei tendens til å vere attgrodde. Radarparet Anders Lundahl og Eva Selin har i ettertid friklatra alle desse tekniske rutene og i tillegg opna ei rekke nye. Frå før hadde dei gått fleire friruter i både sør- og nordveggen. På mange måter er Strandåtind *deira* fjell! Etterkvart håper eg å kunne gje ut ein komplett førar Strandåtind. Her er ein enkel oversikt over rutene som kjem opp i området rundt Halls hammer.

Adkomst

Rutene i nordveggen på Strandåtind er lett tilgjengelege. Parker på Låter på Kjerringøy (kartblad 2030-II i N50-serien). Anmarsj i

lettgått terreng, identisk med anmarsen til Strandåtindtraversen. Oppe under nordveggen er rutene lett gjenkjenbare. Det går alle saman i veggene under lågaste punktet på ryggen mellom fortopen og sjøve Strandåtind. Retur er anten over toppen på Strandåtind eller 3-4 rappellar ned att veggene (ferdigrigga fester på slynger).

Sesong: Det er sannsynlegvis klatrebart i nordveggen frå juni og framover. Tidlegare på året kan det vere mykje fuktig. Etter regn kan veggene trenge eit par dagar for å tørke opp. Tidleg på året kan første taulengde vere snødekt og dermed veldig enkel. Seinare har alle rutene ei kortare eller lengre enkel svataulengde for veggene reiser seg.

Type klatring: Klatringa går stort sett i faste granittformasjonar. Riss har ein tendens til å vere delvis fylt med jord og skit, men sjøve klatringa går på reint fjell. Rutene blir og betre jo fleire gonger dei blir klatra. Nøttepirker er eit must for å rennske riss. Mange av rutene følgjer rette, flotte linjer og byr på bratt flott klatring.



- 1. Solaris**.....8-
- Frå vardeboka på Strandåtind: "Diretissima. 7-8 taulengder, 3 første vanskeligst (1 bladbolt står igjen). Slutt-taulengde rett gjennom ville og tunge, men utrolig underholdande takoverheng med fine riss. Ca grad 7 gjennom overhenga. 8- som helhet. Totalt 2 bladbolter.
- Anders Lundahl & Eva Selin august 2004."
- 2. A prima vista**8-/8
- Frå vardeboka på Strandåtind: "Tung, vedvarande vansklig friklättring. Grad 8-/8. Mycket flott tur." En bladbolt i første del av ruta. Ellers sikres ruta med et godt utval kiler og friends. FG Anders Lundahl & Eva Selin 2003
- 3. Schlaraffenland**.....7
- Første taulengde lett og nesten uten sikringer - ca 65 m. 2 taulengde: Opp riss ca 15 m, ved venstrevendt dieder gå 2 m til venstre (teknisk), så 3 m opp og tilbake høyre. Så høgrevendt dieder til stand under takoverheng. 3. taulengde: Følg riss i 20-30 m. Så mot høyre over svaparti (sikt på venstrevendt hjørne). Oppe ved hjørnet, tydeleg riss. Lettaste veg opp, svakt mot høyre. Fleire tynnsikra parti med utklättringar. FG Anders Lundahl & Eva Selin 2001
- 4. Jumarus Maximus**7- (A2)
- Flott direktelinje. Godt sikra. Vanskeligst i slutten av 1. taulengde og starten av 2. Ein borebolt i 1 taulengde. Ruta er populær og er etterhvert blitt rein og fin. FG (teknisk) Torgeir Kjus & Bjørn P. Arntzen 1998. FG fri Anders Lundahl & Eva Selin 2000.
- 5. Livet inni hodet mitt**7-/7 (A1+)
- ca 4 tl. Først over sva til busk, ca 3-4. Så opp dieder og riss i 50 m, ca grad 6(-). Så travers inn til høgre i nytt dieder / riss og opp dette. Brattast / vanskelegast i toppen (ca 7(-)). Siste taulengde ca 30 m, grad 4-5. Ruta er renska opp på rappell i 2017 av Kenneth Mjelle. Stort, laust flak fjerna. FG (teknisk) Torgeir Kjus & Bjørn P. Arntzen 1997. FG fri Anders Lundahl & Eva Selin 2000
- 6. Cuculus noroculus**.....7+ (A2+)
- Forholdsvis direkte rute som går saman med Livet inni hodet mitt i siste taulengde. Bratt dieder i siste taulengde. Kommentar frå vardeboka på Strandåtind: "Ihållande svår och mycket fin, grad 7+." FG (teknisk) Bjørn P. Arntzen & Torgeir Kjus 1998. FG fri Anders Lundahl & Eva Selin 2001
- 7. Lille Peder Edderkopp**..... 8-/7+ (A2-)
- Flott direktelinje. Forholdsvis vedvarande klatring. Det meste er bra sikra, men eit parti krev godt driv.



Totalt fire taulengder, den første lett, den andre ca 6+, så ca 7+ og tilslutt ca grad 6. FG teknisk Torgeir Kjus & Mats Peder Mosti 1998. FG fri Anders Lundahl & Eva Selin 2000

Ruteoversikt venstre side av Nordveggen.

- | | | | |
|---|--------------------------------------|---------------------------------|-------------|
| 8. Perpetum mobile | 8+ <input type="checkbox"/> | 1. Solaris | 8- |
| <p><i>Två korta replängder för upp till standplatsen. Slinga och två bladbulvar. Replängd 3 har två bladbulvar. Hängande standplats i goda Friends. Replängd 4 säkras med två bladbulvar, vajer och Friends (8+). Replängd 5 leder upp över en brant svaplatå och överhängande hörnformation till standplats i slinga vid utskjutande block (8). Två replängder för till toppen via sjuaklättring. FG Anders Lundahl & Eva Selin 2004</i></p> | | 2. A prima vista | 8-/8 |
| 9. Superscription | 8-/8 <input type="checkbox"/> | 3. Schlaraffenland | 7 |
| <p><i>Frå vardeboka på Strandåtind: "Førstabestigning av Nordveggen på Strandåtinds Västförtopp ad Kjus&Armtzens fantomlinje. Mycket högklassig och ihållande friklättring. makaløst fin. Tog oss 12 timmar." En borrebolt og et par faste standplasser står att etter Kjus & Armtzens forsøk i 1998. FG Anders Lundahl & Eva Selin 2003</i></p> | | 4. Jumarus Maximus | 7- |



Ruter i høyre side av Strandåtind.

- 5. *Livet inni hodet mitt* 7-7
- 6. *Cuculus noroculus* 7+
- 7. *Lille Peder Edderkopp* 7+
- 8. *Perpetum mobile* 8+
- 9. *Superscription* 8-/8



Nordveggen på Strandåtinden

Linjeføringa på bildet er veiledande, ingen detaljer om rutene.


1. Nordveggen på Strandåtind 7-

FG: Eva Selin & Anders Lundahl 1988. Ca 3 taulengder.

2. Unnarennet..... 7-

FG: Ole Roger Jespersen & Torgeir Kjus 1990 (A0/A1). FG i fri: Eva Selin & Anders Lundahl 1992. Ruta går ikkje heilt opp.

Strandåtindtraversen




Strandåtindtraversen har i mange år vore ein av dei kanskje mest populære klatre/tinderangeturane i Bodø-området. Turen var skildra i "Fjellfører for Bodø" frå 1995 (utsolgt). I 2015 eller deromkring plasserte ein guide borebolter på dei fleste rappellfestene. **Rappellane krev 2 x 50 m tau.** Parker på Låter, Kjerringøy. Følg stien opp til Låter vassverk, vidare opp til vatnet, inn høgre under Sæta og deretter opp under nordveggen på Strandåtind.

TIPS! Frå parkering, gå 100 m tilbake mot Kjerringøy, følg traktorveg opp til vassverket.

Nøkkelpassasjer

- Innsteget: 2 klatrepasasjer. Passer å ta som to taulengder klatring.
- Ned frå høgaste fortopp: To alternativ her: Anten via rappell nr 1 (30 m) eller unngå det heile ved å klyve ned renne i sørsida (utsett!)
- Rappell nr 2: Kort bratt hammer. 2 borebolter.
- Rappell nr 3: Ingen bolter. Mange vel å kutte ut denne rappellen
- Halls hammer: Klatrecrukset på Strandåtind. Fin klatring. Fleire variantar (sjå bile over).
- 2. hammer: Enkel klatring (ca grad 2), men





Rutene opp Halls hammer

1. Direkterissa 5

Den vanlegaste ruta. Velsikra. FG: Muligens Lundahl & Selin 1980.

2. 1910-ruta 5-

Originalruta. Klassisk!! FG: Carl Wilhelm Rubenson, H. Jentoft & Ferdinand Scheldrup 1910.

3. Hake-risset 6-

Kjempefin rissklatring. Fin variant. FG: Muligens Remi Bendiksen 2001

4. Eskils variant 5?


Start rundt kanten - eksponert og fint. FG Eskil Sørvik 90-talet.

utsett og vanskeleg å sikre.

- Topp-pyramiden: Fleire klyveopptak i bratt blokkterreng
- Ned frå toppen: Litt utsett klyving ned renne på sørsida før rappellfestet. Det er muleg å rappellere istaden, ikkje anbefalt.
- Rappell nr 4. 2 borebolter. 45 m. Mange

stoppar i botn av den bratte kaminen. Ikkje gjer det, hald fram ned svaa og litt inn venstre. Ein ser tråkk, men neste rappellfeste er ikkje synleg. Det er diverse rappellfester i botn av kaminen. Brukt om du går med enkelttau.

- Rappell nr 5. Gå forbi bolterappellfeste, klyv ned til rappellfeste rundt blokker. Bolterappellfestet står for høgt, spesielt om ein kun har eit tau.
- Rappell nr 6. Ein bolt, ei kile. Muleg å klyve rundt. Gå ned i sørsida 15 m før rappellfestet.
- Rappell nr 7. 2 bolter. Denne går rett ned i gryta (nordover). Startar nede i lågaste punkt i salen.



Strandåtind-traversen via Låtertoppen og Seta

I staden for rappellen ned i gryta (nr7), fortsett ryggen opp på Låtertoppen. Ryggen har litt utsatt klyving. Klyvefritt alternativ: Gå inn i sørsida og følg renne i Låtertoppen opp. Ned frå Låtertoppen er det bratt klyving i renne, følg svakt tråkk. Fint alternativ, anbefales, tek ikkje mykje lenger tid enn standardturen.

Strandåtindtraversen - fakta

- Gått første gong i 3/8-1912 av Carl Wilhelm Rubenson, Harald Jentoft og Ferdinand Schjeldrup.
- Tid: 5 til 10 timer (alt frå 2 til 30 er brukt).
- Klatregrad: 5 opp Halls hammer. Elles mindre parti med klatring og mykje utsett klyving.
- Utstyr: 2x50 m tau (for rappellane). Eit kilesett og nokre få friends. Slyngeband til å utbetre rappellane. 1x60 m er muleg, blir ein ekstra rappell ned frå toppen.

!Faste rappellfester: Stort sett borebolter. Gjer kritiske vurderingar av sjakler og bolter. Vurder kvalitet på slynger rundt blokker.

Sørveggen på Strandåtinden

Sørveggen på Strandåtind kan delast i 3 deler. Til venstre er det litt kortare veggen under Halls Hammer. Hovedveggen er på begge sider av den markerte sprekklinja rett til venstre for toppen. Høgre del er til høgre for sydpillaren.



Oversikt over ruter i sørveggen på Strandåtind

1. **Mysterier**.....7

Ruta går til høgre for stort takoverheng. "Prima handjams kommer vål tilpass" forbi taket, som også er cruxet, ifølgje førstebestigarane. FG: Eva Selin & Anders Lundahl 1990

2. **Landstrykere**.....6

Ruta følgjer det venstre av dei to markerte diederformasjonane. Ruta sto i "Fjellfører for Bodø" i 1995 feilaktig som "Strandåtindtversen". FG: Eva Selin & Anders Lundahl 1990

3. **Sult**..... 6/6+

7 taulengder. Følgjer det høgre av diedersystema. Passering av stort tak midtvegs er cruxet, meir psykisk enn fysisk tungt. FG: Eva Selin & Anders Lundahl 2000.

4. **Fin i starten**.....7

Ruta tråkler seg forbi overhenga tilvenstre for "Direttissima". Betydeleg enklare og meir utsett klatring i toppen. FG: Dag Grundel og Jonas Hilmo 30.9.2017.

5. **Direttissima**..... 7-/7

Rett opp den mest markerte linja i sørveggen på Strandåtind. Urepetert? FG: Eva Selin & Anders Lundahl 1985.

6. **Myten om meg**.....7

Første tre taulengder vanskelegast, grad 7, 6 og 6. Deretter 5/5+ opp til austkammen. Ruta starter mellom Sørpillaren og Direttissima, rett til høgre for venstrevendte diedre. FG: Stian Bruvoll & Jo Espen Rønningen 12.6.2020.

7. **Sørpillaren**.....6

Sørpillaren vart først gått delvis i fri i 1971 av H. Hellstrøm & E. Holmgren (5/A1). FG fri: Kjell Eugen Andersen & Erik Vike 1982.

8. **Sydpillaren**.....4

Moderat rute opp sydpillaren. Mange vegvalg. FG: Arne Næss sr & Elsa Hertzberg 1936.

2. Landstrykere.....6

6 taulengder. Ruta følger det venstre av dei to markerte diederformasjonane rett til høgre for Halls Hammer. Ruta sto i Fjellfører for Bodø (1995) som "Strandåtindtversen". Rutebeskrivelse er henta derifrå.

Risset i starten første taulengde kan vere litt vanskeleg. Muleg alternativ start i diederet til høgre. Andre og tredje taulengde krev stort sikringsutstyr, Friends # 4-5 / Camalot # 3,5-4,5. Øvre del av ruta skal vere svært fin.


FG: Eva Selin & Anders Lundahl 1990.

Anmarsj:

Alternativ 1. Gå inn frå Strandå og ta etterkvart sikte på skaret mellom fortoppen og Halls Hammer. Bratt, tidvis utsett klyving

Alternativ 2. Litt lenger, men enklare. Gå Strandåtindtversen til du er nede ved Halls Hammer. Klyv ned på sørsida akkurat der du kjem ned frå Vestfortoppen.

Retur: Enklast via toppen (Strandåtindtversen.). Også muleg å rappellere ned Halls Hammer, så rappellere ned nordveggen.



Låtertinden

Låtertinden er toppen rett aust for Strandåtinden. Toppen er enkelt tilgjengeleg frå Seta via bratt renne i toppen. Den er og tilgjengeleg via bratte grasbakker frå skaret mellom Kaffetinden og Låtertoppen. Frå Strandåtinden er det enkel klyving opp på toppen via sørvesteggen, eventuell bratt grasbakke via renna i sørsida.



Austeggen

Austeggen på Låtertinden strekk seg frå skaret mot Kaffetinden opp til topp-punktet på Låtertinden. Eggen byr på mest klyving og gåing, men har eit utsatt klyvepunkt i starten og ca 3 taulenger klatring i toppen. Det er heile tida bratt mot nord noko som gjer turen eksponert sjølv om graden er moderat.

Enklaste tilkomst er å gå mot Indre Låtervatnet, deretter opp bratt grasrenne til skaret mellom Kaffetinden og Låtertinden. Utydeleg sti meste av vegen.

#1. Første hammer..... 1-2

Enkel, men litt utsatt og bratt klyving. Følg eggen! Enkelt å gå rundt i sørsida, men då går ein ikkje eggen....

#2. Toppeggen4

Tre taulengder klatring, 40 meter, 2x50 m. Der ryggen bratnar, klatre høgre riss, deretter opp venstre til du er oppe på eggen. Bratt klatring på


gode tak. God standplass på eggen. Neste taulengde følger eggen i 50 meter. Litt begrodd med lav/mose på deler av eggen. Siste taulengde fortsett langs eggen. Der den bratnar til går ein forbi første opptak på høgre sida, neste på venstre. Fin klatring. Ruta er stort sett bra sikra. Det kan vere greit med dobbelt opp av gul og blå Camalot i siste taulengde. Retur enklast ned renne mot vest, mot Seta. Følg tråkk, bratt parti i starten.

Første kjente bestigning opp: Stein Haugen & Sveinung Bertnes Råheim 22.6.2024. Eggen er rappellert ned fleire gonger tidlegare.

Det er og muleg å rappellere ned austeggen. Første rappell nesten 60 m nedover eggen. Siste rappell ned i nordsida, ca 40 m. Følg gode hyller inn att på eggen/ryggen. Det er og enkelt å følge bratte grasrenner ned i sørsida på Låtertinden. Då kjem ein ned skaret mellom Låtertinden og Kaffetinden utan å bruke tau.

Sørvestveggen på Strandåtinden 1. Fin i starten 7


Anmarsjen er anten inn frå Strandå og opp under sørveggen eller lengre og enklare, inn frå Låter (1,5 - 2 timer). Opp til Låtervatnet, vidare til Indre Låtervatnet. Derifrå følger ein raudmerking sør gjennom Oppliskaret. På sørsida av Strandåtind går ein under veggen til ein passerer den markerte kaminen midt i sørveggen (Direttissima). Ca 200 m etter kaminen når ein eit høgrevendt dieder med tydelig dobbelriss i øvre, venstre del. Her byrjar ruta.




1. tl. 45 m / 6+/7. Layback som går over i offwith.
 2. tl. 45 m. 7. Ut venstre i dobbelriss. Ringlocks!
 3. tl. 55 m. 5+/6-. Travers venstre over enkel, men tidvis løs og på slutten tynnsikra klatring. Stand rett rundt hjørnet.
 4. tl. 55 m. 5+/6-. Travers diagonalt mot venstre over sva opp i høgrevendt dieder.
 5. tl. 40 m. 6. Følg diederet i ca 15 m, klatre så ut av dieder mot venstre ved et bevokst horisontalriss ovafor ei lita bevokst rampe. Fortsett forbi et svabetont crux og sett stand under tak. NB! Løs blokk over standplassen.
 6. tl. 50m. 6+. Klatre gjennom venstre side av taket, tungt over leppa. Godt tak gjemmer seg der du trenger det mest. Følg enklere rissssystem vidare.
 7. tl. 50 m. 5. En anelse tynnsikra med relativt enkel svaklatring opp mot høyre.
 8. tl. 50 m. 5. Følg riss vidare rett opp. Bygg stand under lite overheng.
 9. tl. 55 m 5+/6-. Klatre gjennom lite overheng og gå deretter svakt mot høyre til diederformasjon der det er mulig å sette stand.
 10. tl. 100m 3. Klyving over grus og lyng. Vanskelig å sikre, gått løpende.
- Retur: Følg vestryggen (Strandåtindtraversen) til topps. Rappeller ned vanlig veg.
 FG: Jonas Hilmo & Dag Grundell 30.9.2017.

Bilder fra "Fin i starten". Øv: Første taulengde. Nv: Sjette taulengde. Midten: Jonas Hilmo i starten på andre taulengde. Høyre: Jonas Hilmo på strandåtindsva i 7 taulengde. Alle bilder ©Dag Grundell

Linjeføringa for "Fin i starten".





Breitind og Trolltind

Trolltind er godt synleg innerst i Nevelsfjorden. Han er svart og frå Straumsnes er dei store vardane på toppen lett synlege.

Historie Trolltind:

Førstebestege av Carl Hall Og Mathias Soggemoen i 1889. På sett og vis var dette eit plaster på såret då dei måtte gje opp på Strandåtind.

22.august 1889: Førstebestigning av Carl Hall & Mathias Soggemoen

1988: Første vinterbestigning av Torgeir Kjus & Bjørn Petter Arntzen.

1991: Travers av tinden frå vest til aust, fellestur Bodø klatreklubb.

Historie Breitind

har vi ikkje noko informasjon om. Toppen er lett tilgjengeleg frå Trolltindvatnet. Vesteggen byr på klatring, det er ukjent når den er klatra første gong.

Karakter:

Ingen av veggane er spesielt fine klippeveggar. Nordveggen er gromsete ut og sørsida har store flanker med gras og ur med svarte stup mellom. Eggane, spesielt vesteggen gjev fin klyving / klatring.

Tilkomst:

Køyr til Kjerringøy (RV834). Ta av til Øyjord ca 2 km etter kyrkja på Kjerringøy. Etter omlag 8 km, i enden av Ryvatnet, sving inn på liten grusveg til høgre. Dette er første veggen, som går bort til nokre hytter på sørsida av Ryvatnet. Parker på liten parkeringsplass ved infotavle for nasjonalparken. Følg god sti opp mot Trolltindvatnet.


Alternativ tilkomst til Trolltind:

Båt over Nevelsfjorden, gå rett opp lia til skaret mellom Trolltind og pkt 768. Det er og muleg å gå fjøra og opp her.

Normalveggen på Trolltind og Breitind, om det går an å seie at dei har noko slikt, går via Trolltindvatnet. Det er antyda muleg veg på kartet over. Det vil og vere greit å gå inn til neset på Trolltindvatnet, også gå direkte opp mot Breitind via ei brei renne.

Turforslag:

Traverser Breitind frå vest til aust, klatre vestryggen på Trolltind og følgj normalveggen ned. Flott tur med mykje spennande klyving. Vil ta ca 10-12 timer.



Breittind

Travers frå vest til aust

Breittind er litt anonym ved sida av den betydeleg meir markerte storebroren Trolltind.

Start opp frå flata før Trolltindvatnet. Opp gjennom bjørkeskog, ta sikte på bratte hamre over steinurda. Klyv opp desse i front til liten "fortopp".

Første hakk: ca 15 m vertikalt hakk. Anten rappell ned eller gå rundt og klyv opp til høgre for stort hol (som går gjennom ryggen).

Fortsett oppover ryggen. Mykje klyving i fjell av varierende kvalitet, alt frå laust til fast og fint.

Andre hakk: Lett nedklatring til hakket. Ta stand på vestsida, steg over på høgaste punkt, klatre lett, men delvis laust sva/rygg oppover med sparsomme sikringsmulegheiter. Siste 4-5 m er bratte i bra fjell. Klatre dieder heilt på eggen. Grad 4+. Godt sikra. Totalt ca 50 m frå stand til stand.

Gå forbi blokker på sørsida, etterkvart opp på eggen til tredje hakk.

Tredje hakk: Gå ned ca 1-2 m i sørsida. Klatre luftig travers (grad 3) over hakket og i land på motsatt side. Derifrå ca 30 m til toppen av Breittind. Ryggen på Breittind vidare mot aust byr på mykje tildels krevande tinderangling. Halvvegs ned mot skaret mellom Breittind og Trolltind er det ein kort rappell, ca 10 m. Klyvinga er ikkje over for ein har passert den fantastiske "balanseblokka" i lågaste



Bildet viser "Andre hakk" i Breittindryggen med klatrekrukset.

Trolltind

Normalveg / vestryggen

Gå anten over topp 768, to rappellar ned i skaret mot Trolltind. Alternativt, og raskare. Gå ut i nordsida rett før topp 768. Ta sikte på grashylle over skaret, følg denne (eksponert). Det går og an å gå lenger ned og følgje renne opp i skaret (litt "grufsete".

Normalvegen:

Klyv opp til vestryggen bratnar til. Gå ut i grasrampesystem i sørsida. Følg dette på skrå oppover (svakt tråkk). Rund rundt hjørne og gå opp i bratt renne. Opp denne. Klyving / enkel klatring, følg deretter austryggen til topps.

Vestryggen

Som for normalvegen, fortsett rett opp der Normalvegen går ut i sørsida.

Første hammer er enkel, ca grad 2, 50 meter. Andre hammer byr på eit par taulengder med klatring på treer-talet i fast, fint fjell. Men mange vegval, muleg å få det vanskelegare. Etter andre hammer er det fleire vegval til topps. Enklast å trekke litt inn i sørsida før ein følgjer mosehyller og små klyveoptak til toppen.

Retur mot aust:

Gå ned frå toppen til det bratnar. Deretter 3-5 rappellar ned, avhengig av enkle / doble tau. Vidare vil det vere fin tur rundt Trolltindvatnet via Kvanntoaksla. Det er og muleg å gå ned til Trolltindvatnet via bratt renne inn mot Trolltind eller ned i gryta ca midt på bandet mellom Trolltind og Kvanntoaksla.



SJUNKHATTEN fører

Denne føreren sto først på trykk i Veggslarv nr 76.



STIFTET 1989

Sjunkhatten

Klatring på Sjunkhatten er grundig skildra i Fjellfører for Bodø frå 1995. Sidan den gong er det gått fleire nye ruter på fjellet og fjellet har dessutan fått første vinterbestigning. Sjunkhatten er eit fantastisk flott fjell som fortener meir oppmerksomheit enn det har fått i dei siste åra. Veggslarv gjev deg derfor «Sjunkhatten spesial» i dette nummeret.



Sjunkhatten sett frå Sjunkfjorden. Fjøra i hatten og Litj-Hatten godt synlege til høgre. Foto: Sveinung Råheim

Sjunkhatten er det høgaste fjellet i fjellområdet mellom Kjerringøy og Valnesfjord. Fjellet er av «første rang», du må med andre ord klatre uansett kva veg du går! Fjellet har fem naturlege eggjar og ryggar og det er langs desse alle rutene på fjellet går. Fyrstebestigarane av Sjunkhatten fulgte nord-aust eggen opp på fjellet. Dei fann denne vegen så vanskeleg at dei prøvde seg på renna ned mellom austveggen og austeggen på tur ned. For å koma seg ned måtte dei hoppe ned ein fem-seks meter høg dropp. Ein av dei var ungar og han måtte hoppe først. Snøen var mjuk så det gjekk bra med både han og neste mann. Dei kom seg derfor uhindra ned att frå fjellet. Begge førstebestigarane var lokale karar frå Sjunkfjorden; Egil Rostrup og Thor Normann.


Historia på Sjunkhatten vidare er omlag slik (henta frå Fjellfører for Bodø).

- 1909 fyrstebestigning via nord-austeggen av Egil Rostrup og Thor Normann
- 1924 rute opp vestryggen. Fridtjof Lorentzen, Ketil Motzfeldt & Ferdinand Schjelderup
- 1970 Sørausteggen opp på Fjøra i hatten (dei klatra ikkje til topps på Sjunkhatten). Ove Skjerven og Jan Ulvin.
- 1980 ny rute opp vestryggen. Ruta følger ein markert, loddrett 50 meter høg kamin. Ukjente.
- 1993 Nordvesteggen blir klatra av Inger Sjøberg, Merete Ulven, Tor Carlsen & Bjørn Petter Arntzen
- 1995. Torgeir Kjus & Ingerd Helen Karlsen går første 5 taulengder av Sørpillaren.
- 1996 første vinterbestigning av Sjunkhatten opp vestryggen av Stein Simenstad, Helga Eide og Morten Avdem
- 1998 første komplette tur til topps opp sørausteggen direkte via Fjøra i Hatten av Stein Simenstad og Helga Eide. Torgeir Kjus og Ingerd Karlsen var dei første som klatra

søreggen opp til Fjøra i hatten i 1997. Dei snudde på Fjøra.

- 2000. Renna mellom Nordvestryggen og nordvestveggen blir klatra av Kjell Andersen, Eirik Pettersen, Remi Bendiksen og Eskil Sørvik, men dei må returnere på fortoppen på grunn av stor, overhengande skavel på toppen. Renna blir klatra heilt til topps av Øyvind Skogstad & 6 andre Bodø-klatrarar
- 2004 blir sørpillaren klatra for fyrste gong av Sveinung Råheim og Remi Bendiksen. Torgeir Kjus & Ingerd Helen Karlsen hadde klatra halve ruta før, men snudde der pillaren reiser seg i toppen.
- 2010. Mattias Johnsen, Andreas Borch og Alex Jacobsen klatrar muligens ny variant opp austeggen mellom Fjøra i Hatten og Sjunkhatten. Ruta går til topps via 6 korte


taulengder, ca gra 5-. Dei etablerer også ei rappellrute ned att som muleg alternativ til å rappellere ned nordvestryggen.



Kartet viser Sjunkhatten og plasseringa av dei ulike ryggane / rutene

Adkomst: Beste utgangspunkt er Tårnvika eller Nevelsfjorden på Kjerringøy eller frå Røsvik i Sørfold. Frå desse plassane må ein ha båt vidare inn til Sjunkan eller Einarvika (mellom 10 og 20 km avh. av kor ein går frå). Til fots vil anmarsjen vere lang og tung! Vidare anmarsj til ulike innsteg er

skildra for dei ulike rutene.



Kjente ruter på Sjunkehatten

1. Vestryggen
2. Vestryggen via Skorsteinen
3. Sørpillaren
4. Sørausteggen til Fjøra i Hatten
5. Sørausteggen direkte via Fjøra

i Hatten

6. Austrenna
7. Nordaustryggen
8. Nordvesteggen
9. Nordvestrenna.

1. Vest-ryggen

4-6 TL grad 4

Fridtjof Lorentzen, Ketil Motzfeldt & Ferdinand Schjelderup 1924. 1.gang vinter: Stein Simenstad, Helga Eide & Morten Avdem 1996 (Første vinterbestigning av Sjunkehatten)

Klatringa byrjar ved p772 på vestsida av Sjunkehatten. P722 er lett tilgjengeleg frå både Sjunkan og Einarvika.

Det er ikkje noko definert rute opp vestryggen, det er eit utal variantar. Klatringa følgjer bratt terreng med mange hamrar og store hyllesystem. Studer muleg linjeføring godt på førehand, så går du deg ikkje bort i overhengande, blaute hamrar. Vanlegaste veg går via grasramper og avsatsar litt i sør-vestsida av ryggen. Vesteggen krev tau og vanleg sikringsutstyr.

Retur: 5x40 m rapell med litt gåing på svahyller imellom. Dette er returruta for alle rutene på Sjunkehatten. Ver førebudd på å måtte forsterke ein del av rapellfestene. Det er galvaniserte sjaklar i dei fleste rapellfestene.

2. Vest-flanka via Skorsteinen

4-6 TL grad 5-



Ukjente 1980

Ruta følgjer ein markert, 50 meter høg loddrett kamin. Kaminen byrjar på ca 750 moh, like ved p 772. Etter kaminen svingar ruta seg opp via diverse hamrar og hyllesystem.

Anmarsj anten frå Sjunkan eller Sjunkehatten.

Retur ned vestryggen til p722, 5x40m rapellar.

Bildene på neste side frå toppen. Toppdelen av sørpillaren. Remi på kongestandplass midt i loddrettland. Remi leder tredje taulengde på toppillaren



Adkomst: Båt til Einarvika. Gå inn Sør dalen eit par km. Ta mot høgre i gryta under Sjunkehatten og Sjunktind. Sørpillaren er markert og leggt og finne. Retur går ned vestryggen (som for dei andre rutene).


3. Sørpillaren

10 TL grad 6+

Remi Bendiksen & Sveinung Råheim 31.7.2004.

Fantastisk flott linje på det markerte hjørnet mellom søraust- og sørvestveggane. Innsteg på ca 700 moh, utsteg på vel 1000. Sørpillaren går i dei fyrste fire-fem taulengdene langs ein rygg med fleire bratte hamrar. Varierende klatring opp bratte hamrar med store hyller imellom. Etter den femte avsatsen reiser pillaren seg bratt. Ruta følgjer riss og didersystem heilt på pillarkanten til dei store overhenga i toppen. Her snor ho seg mellom dei før ho toppar ut litt mot venstre. Tung og velsikra klatring. Gode standplassar!!

Nye skisser



4. Sør-eggen til Fjøra i hatten

ca 10-12 TL grad 4

Ove Skjerven & Jan Ulvin 1970

Variabel rute. Ein del laust i renna. Øvre del av søreggen er svært luftig og artig i bra fjell. Følg renna ganske langt opp. Omlag 100m under toppen av Fjøra, traverser via gode, smale hyller ut høgge. Deretter 2-3 luftige taulengder til topps. For å finne lettaste veg er det viktig å ikkje traversere inn for tidleg.

Adkomst: Båt til Einarvika. Inn Sør-dalen eit par km til ein er i gryta mellom Sjunkhatten og Sjunktind. Hald deretter hardt høgge og traverser inn under sørveggen på Sjunkhatten. Lia rett opp frå Einarvika er bratt, ulendt og lite anbefalingsverdig. Innsteg ca 850 moh.

Retur: Anten rapell ned sørausteggen direkte (sjå etter gamle fester) eller ned i skaret mellom Sjunkhatten og Fjøra, og så ned renna.

5. Sørebben direkte via Fjøra i hatten


12-14 TL grad 6

Torgeir Kjus & Ingjerd Karlsen 1997 (opp til Fjøra). Stein Simenstad & Helga Eide 31.7-1998 heilt opp på Sjunkhatten.

Ruta følgjer den markerte sørausteggen på Fjøra i hatten. Starten har mange, korte hamrar med artig klatring. Midtvegs må ein litt inn høgge og klatre ein bratt vegg med nydlege riss og dieder. Mot toppen kjem ruta inn i fyrstebestigarane si rute frå 1970 med artig, luftig klatring. Rapell ned i skaret mot Sjunkhatten (40m), så lettaste veg i litt «grumsete» terreng opp på Sjunkhatten.

Adkomst: Som for den rute 4.

Retur: Ned vestryggen (sjå rute 1.) Fast rapellrute. Eventuellt ned same veg frå Fjøra i hatten. Fleire har snudd på Fjøra tidlegare, men nye taulag bør ta med utstyr til å forsterke gamle rapellfester.



6. 1909-renna

Ukjente. Snø/is/klippe

Dette er renna førstebestigarane returnerte i. Ikkje kjent om ho er klatra opp. I følge førstebestigarane måtte dei hoppe ned ein 5-6 m høg hammar. Denne kan kanskje by på interessant klatring? Renna toppar ut ved fortoppen (del 3 på Nordvestryggen).

Adkomst: Som for nord-aust eggen. Hald til venstre for denne og gå opp til renna.

Retur: Ned Vestryggen (rute nr 1).

7. Nord-aust-eggen



Thor Normann & Egil Rostrup 1909

Det er ikkje kjent om ruta er repetert og rute og gradering er derfor vurdert ut frå nivået ein klatra på den gongen. Førstebestigarane fann ruta så krevjande at dei valde ein anna veg ned («1909-renna»). I toppen vil ruta sannsynlegvis vere samanfallande med dei to siste hamrane på nord-vesteggen. Det er mange ulike vegval i toppen og det er derfor vanskeleg å seie noko eksakt om gradering.



Adkomst: Frå Sjunkan gå mot Seiskallneset i om lag 2 km. Rett før neset, ta av oppover til høgre med sikte på det flatare området ("Smørkleppen på kartet). Gå så mot den naturlege starten av nord-austeggen.

Retur: Følg vestryggen (sjå rute 1). Ved pkt 772, gå ned mot Sjunkan.

Henta frå «Fjellfører for Bodø» frå 1995



Del 3



Del 1

sneen ut mot nord-vest-eggen. På tur inn Sjunkdalen vil nord-vest-eggen tre tydelig frem i profil. Småklatring uten nødvendig bruk av tau til innstegget ved blokk.

Retur ned vest-ryggen til p772, 5x40 m rapeller med litt gåing på svahyller innimellom. Følg snøen mot nord, ned mot innstegssvaene og Sjunkvika ca 2,5 km.

9. Nord-vest-snørenna

500m snø/is/klippe. WI3, MI2.

Kjell Andersen, Remi Bendiksen, Eskil Sørvik og Eirik Pettersen mai 1999 (snudde på fortoppen pga stor snøskavl på hovedtoppen.). Øyvind Skogstad, Mona Noson, Dag Einar Olsen, Sveinung Bertnes Råheim, Georg Waller, Lene Pedersen og Marthe Meland klatra renna og fullførte toppveggen i god stil 1.2.2014. Bratt snøklatring i toppen.

Renna går mellom Nordvesteggen og vestryggen. Endar på fortoppen av Sjunkhatten. Ikkje fullført heilt opp. Lett snø og isklatring. Toppartet vil by på forholdsvis enkel klippeklatring, men har om vinteren ein stor toverhengande snøskavl som må forserast.

Retur: Ned vestryggen til P772 eller ned att renna.
Adkomst. Best å starte frå Sjunkkan. Ellers anmarsj som for Nordvesteggen.

8. Nord-vest-eggen

12-13 TL grad 5

Inger Sjøberg, Bjørn Petter Arntzen, Merete Ulven & Tor Carlsen 16/7-93

Ruta består av kortere og lengre hammere brutt opp av store hyller som innebærer litt vassing. Normalt sikringsutstyr. Dobbeltau for returen en fordel.

Fra Sjunkvika følg Krokelva ca 1 km inn Sjunkdalen langs fjellfoten til første skar som på venstre side består av en svarygg. Følg ryggen og kryss

Prekestoltind

1072 moh (Kart: Fauske 2129 IV)

Historie

Tinden er et imponerende skue fra Sjunkfjorden og hadde lenge ord på seg blant Sjunkfjordingene for å være ubestigelig. Tinden ble første gang besteget i 1915 av Ferdinand Schjelderup og hans kone Leiken. De gikk opp fra Vassvika til bandet mellom Prekestoltind og Sydlige Korsviktind. Tanken var å klatre Prekestoltind via øst-eggen, men dette så for vanskelig ut. Dermed gikk de ned fra bandet og fant tre parallelle hylleformasjoner på sydsiden av tinden. I boken «Mountain holidays in Norway» beskriver Per Prag Prekestoltind slik: «*Good rock and fine sport*».

- 1915 tinden førstebestiges via hylleformasjoner i syd-veggen av Leiken & Ferdinand Schjelderup
- 70-tallet sydpillaren førstebestiges av et engelsk klatrelag
- Mars 1980 vinterbestiges tinden via øst-eggen av Jan Christian Andersen, Kjell Eugen Andersen, Nicolai Midthun, Erik Vike & Jørn Hansen
- 1980 vest-eggen førstebestiges av Kjell Eugen Andersen & Jørn Hansen
- 1982 ny rute på sydpillaren av Kjell Eugen Andersen & Bjørn Petter Arntzen
- Flere ruter åpnes i den høyre delen av vest-veggen på slutten av 80-tallet
- 1993 tinden traverseres opp sydpillaren, ned vest-eggen, opp vest-eggen og ned øst-eggen på en kort dag av Torgeir Kjus & Jonny Jakobsen
- 2001: Første vinterbestigning av Vesteggen av Eskil Sørvig, Remi Bendiksen & Sveinung Bertnes Råheim.
- 2016: Ny rute (vinterrute) opp sørveggen av Kristian Vindvik, Lene Pedersen & Sveinung Bertnes Råheim.
- I 1969 ble syd-øst-eggen på sydlige Korsviktind klatret av Gisle Johnson & Erik Boehlke. Dette er den sammenhengende naboen til Prekestoltind.

Fjellets karakter

Prekestoltind har særdeles god fjellkvalitet. Granitt med lite vegetasjon i vest og syd-vest-vendte vegger. Store, rettskårne formasjoner og dype riss gir fin klatring og gode sikringsmuligheter. Vest-veggen er forøvrig meget bratt. Nord-veggen er bratt, kompakt og noe begrodd. Syd-veggen er begrodd i høyre del særlig.

Adkomst

Kjør fra Bodø i retning Fauske RV 80. Etter ca 45 km kommer du til Nordvika der du så tar av mot Bringsli. Følg så skilting til Jordbru og Vestvatnli. Parker rett etter trebrua i Høla ca 12 km fra RV 80. Følg vegen et stykke, ta av til venstre på klopplagt sti over myra. Følg denne opp bratte bakker, følg skilting mot Nordskaret. Ved Knivtjønna / Johanvatnet slutter stien. Gå mot vest opp bratte bakker, følg høyre side av de tre vannene i Nordskaret, dalen som leder inn til Prekestoltind. Teltplass litt nedenfor bandet på vest-siden mellom Prekestoltind og Midtiskarstind. Det finnes forøvrig en stor helle ca 300 m nedenfor bandet på vest-siden. Her er plass til 4 personer.



1

2

35m
Grad 4-

35m
Grad 4-

Stor hylle

35m
Grad 5-

35m
Grad 4+

30m
Grad 4+

40m
Grad 4+

50m
Grad 5-

40m
Grad 5-

2

1

Vesteggen på Preikstoltinden

Vesteggen på Preikstoltind byr på noko av det beste ein får av fjellklatring i Bodø-området. Moderat vanskeleg klatring, velsikra, fast fjell. Rute nr 2 er ein variant som sjeldan blir klatra.

Anmarsj

Frå Nordskaret - skaret mellom Preikstoltind og Midtiskartind - ser ein vesteggen/ryggen i profil. Sikt på bratt hammer under vestveggen. Kryss ur og ein del sva. Gå opp sva og hyllesystem rett til høgre for denne bratte hammaren, delvis via renne. Enkelt, men utsatt, særleg om det er vått.

1. Vesteggen 5-

FG: Kjell Eugen Andersen & Jørn Hansen
1980.

Ruta er ca 180 m lang - 4 taulengder. Innsteg litt til høgre på pillaren i tydelege fingerriss. Klatringa følgjer reine riss og diedre. Er velsikra og fast. Til opptaket i 3 taulengde kan det vere greitt med stor kamkile - camalot nr 4 / 5 eller deromkring. Etter 3. taulengde er det ei stor hylle. Lurt å ta stand der.


2. Vesteggen variant..... 5-

FG: Sofie Haugom & Sveinung Bertnes
Råheim 19.6.2002. Denne varianten følgjer ei litt meir direkte linje enn originalen. Krysser originalruta og går rett opp på hylla etter 3. taulengde.
Vanleg sikringsutstyr, ikkje noko ekstra stort nødvendig. Fin variant om det er folk på originalruta.

Retur

Det er muleg å rappellere ned ruta. Det er ikkje etablerte rappellfester. Totalt 4 rappellar. Det enklaste, vanlegaste og finaste er å returnere ned austeggen. Ein del utsett klyving, ein lang rappell er nødvendig.

Vestveggen på Preikstoltind



Karakteristikk

Vestveggen byr på nydeleg, bratt og tildels velsikra klatring i god granitt. I høgfjellet! Rutene går ikkje til topps. Det er muleg å klatre heilt opp via Sydpillaren.

Anmarsj

Frå bandet mellom Preikestoltind og Midtiskartind, følg grashyller, ramper og korte hamrar opp til foten av sørpillaren i svak bøge mot venstre. Alternativt gå ut i sørsida av toppen og kryss inn mot venstre når du er i høgde med innsteget. Innsteg mellom stor utsklidd blokk som ligg mot fjellet og ei anna stor firkanta blokk som står å balanserer på kanten av hylla. Vidare forbi blokka ligg vestveggen med dei bratte rutene sine.

1. Gorgon 6+

2 TL, 6 & 6+. Ruta går ikkje til topps. FG: Bjørn Arntzen & Torgeir Kjus juli 1990.

2a. Pompel-variant..... 7

Variantinnsteg på Pompel. FG: Outi Lassila & André Wagelid 6.8.2017.

1 tl: 8 m utan sikring opp til riss. Deretter nydeleg

rissklatring til hylle, travers inn i Pompel, så vidare opp på hylle. Grad 6. 2. tl (Crux på Pompel): Opp svakt overhengande riss. Jamming og slappe tak. Velsikra. Vidare opp Pompel.

2. Pompel 7

4 tl 2. taulengde vanskelegast, i fri muligens 8-. FG: Bjørn Arntzen & Torgeir Kjus 1990. FG i fri: Outi Lassila & André Wagelid 6.8.2017.

3. Pilt 6+

2 tl. Flott rissklatring. FG: Jan Christian Andersen & Bjørn Arntzen juli 1986.


4. Sydpillaren indirekte 6-

Flott klatring opp litt spesielt riss. Stort sett velsikra. FG: Trond Helander, Remi Bendiksen, André Wagelid, Eirik Pettersen & Sveinung Bertnes Råheim 7.10.2000.

Retur

Som anmarsj eller om ein klatrer til topps via Sydpillaren: Ned austeggen.

Vestveggen - skisse. Utklipp frå gammalt veggslarv



1. Gorgon 6+
2. Pompel 7-(A0)
3. Pilt 6+
4. Sydpillaren indirekte ca 6-, 55 m.
5. Sydpillaren



Jan Christian Andersen på Pilt til bake i 1986. ©Bjørn Artzen



Sydpillaren

Sydpillaren ligg midt i mot når ein går innover langs vatna i Nordskaret.

Anmarsj

Frå bandet mellom Preikestoltind og Midtiskartind, følg grashyller, ramper og korte hamrar opp til foten av sørpillaren i svak boge mot venstre.

Alternativt gå ut i sørsida av toppen og kryss inn mot venstre når du er i høgde med innsteget.

Innsteg mellom stor utsklidd blokk som ligg mot fjellet og ei anna stor firkanta blokk som står å balanserer på kanten av hylla. Vidare forbi klippeblokka ligg vestveggen med dei bratte rutene sine. Innsteget er midt i blokkoppstablinga.

Sydpillaren 5-

6 TL 5-.

Skissa/topoen som er innfeldt er frå Fjellfører for Bodø (1996). Den er med for detaljane sin del. NB! Den har litt anna taulengdeinndeling enn det er på bildet.

FG: ukjent engelsk klatreklag på 70-talet. Denne skissa viser ruta Kjell Eugene Andersen & Bjørn Petter Arntzen klatra 17/7-82

Deler av ruta er nydeleg og moderat

vanskeleg klatring i godt fjell. Spesielt 2. og 3. taulengde er fine. Sørpillaren har litt meir kompleks linjeføring enn vestveggen. Ho er og eit par taulengder lengre. Fjellet er stort sett fast og fint, men det er lause steinar og parti som ikkje nødvendigvis er like godt sikra. Dei vanskelegaste taulengdene er godt sikra! Ca 250-300m m klatring. Normalt utval sikringsutstyr.

Retur

Ned austeggen. Enkel men utsatt klyving og 1x60 m rappell, eventuelt 2x60 m rappell.

Austeggen på Preikestoltinden



Austeggen er den enklaste vegen opp på Preikestoltind. Det er muleg ruta til førstebestigarane i sørveggen er enklare, men den er heilt sikkert meir utsett og inneheld meir utsatt hylleklatring og mosegrodde sva. Dette er enklaste veg opp om vinteren og det er den vanlege vegen å returnere etter å ha klatra nokre av dei andre rutene på fjellet.

Austeggen på Preikestoltinden..... 3

2-3 taulengder klatring og fin klyving. Start opp sva, deretter tre hamre før eggen legg seg litt. Første hammer er brattast og lengst. Vidare følger ein enklaste veg opp langs ryggen. Luftig og artig tur. Førstebestigninga av austeggen er ikkje kjent. Linjeføring og dei første standplassane er antyda på bildet.

Retur frå toppen

Følg austeggen ned. Ein del utsett klyving. 1x60 m rappell til slutt, alternativ 2x60 m.

Anmarsj / Retur

Gå opp mot Sydpillaren, kryss inn under sørveggen, ganske høgt oppe over mot skaret mellom Preikestoltind og Sørlege Korsviktind.

Alternativ retur

Gå opp på Sørlege Korsviktind. Følg ryggen mot aust. 20 m rappell ned bratt hammar midtvegs. Litt lenger tur, men finare enn å gå ned att via Nordskarvatna.

Skjolden, Midnattstind og Rundtind

Skjolden, Midnattstind og Rundtind ligg på nordsida av Folda-fjorden, rett aust for Rørstad. Enklast å starte turen ved den fråflytta bygda Haukenes. Bygda er også kalla Ystrand og Storvika på kartet. Fram til 1983 var Ystrand eige brevhus. Ingen kai eller flytebrygge, så fordel å kunne dra båten opp på land. I Storvika er det per 2024 ei privat flytebrygge som det går an å bli sett i land på

om ein har leid skys. Det er ein flott ryggtravers frå Skjolden (775) over Tuva (780), Midnattstinden (901) og til slutt Rundtinden (974). Vesteggen på Midnattstinden krev klatring, ca 6 taulengder, grad 6-



Midnattstind og Rundtind. To staselege toppar.
© Astrid S. Landstad og Eirik S Lindebjerg



4+

ca 5-, tynt sikra

5+

3

5+

6-. Litt begrodd, tynt riss.

4

5

Muleg stand

5-

5-

3

2

1

Midnattstinden

Midnattstinden er klatretoppen på traversen. Enkleste veg opp er frå aust. Denne er heller ikkje enkel - utsett klyving. Førstebestigning av toppen var 21.7.1921 med Eskild Jensen, Harald Jentoft, Carl Wilhelm Rubenson, Henning Tønsberg jr (14 år) og Henning Tønsberg. Enkleste veg opp og ned er austryggen. Bratte sva i nedre del, fordel med rappell / sikring.

Vest-Pillaren

Markert pillar, fleire alternative starter. Men alle endar opp i det litt begrodde crux-risset midtvegs opp. Ein del tynnsikra sva, god fjellkvalitet.

1. Vestpillaren på Midnattstind..... 6-

Flott klatring opp klassisk pillar / egg. Noe tynnsikra svaklatring. Cruxet er bra sikra med småkiler. Doble tau og normalt sikringsutstyr. Noe småkiler fordel.

type små offsettkiler. 5-6 taulengder. FG: Torgeir Kjus & Ingjerd Helen Karlsen 1996

2. Drømmeriss-start..... 5

Start lenger til venstre. Klatre sva og nokre fantastiske riss. Kjem inn i rute 1 rett under cruxet på pillaren. FG: Remi Bendiksen & Sveinung Bertnes Råheim 2001.


3. 2024-variant..... 5+

Start i riss nr 3 i djederet til venstre for rute 1. Rett opp til 2. standplass på rute 1, ca 60 m. Fra hylle etter crux-risset, klatre ut på nordsida av pillarkanten. Følg riss-system. Omgår det noko lettare, men tynnsikra svaet på originalruta. FG: Astrid S. Landstad og Eirik S. Lindebjerg.



Til venstre: Remi Bendiksen klatrer fine riss i starten av Midnattstinden i 2001. Til høgre: Remi Bendiksen på cruxtaulengda på Midnattstinden, litt begrodd, tynt riss. ©Sveinung Bertnes Råheim

Husbyviktinden



På avstand ser Husbyviktinden ut som ei perfekt kjegle. Den er ikkje så høg, berre 800 meter over havet. Tinden er omkransa av store granittsva med super friksjon.

Førstebestigninga kom etter at Husbyviktinden først var avskrive som ubestigeleg. Ingen hadde forsøkt før 4 mann kom seg opp frå vest i 1913. Dei klatra barbeint på cruxet. Dette hadde dei lært seg i Lofoten tidlegare på turen. Under ein svabuldreresjon hadde dei forgjeves forsøkt å kome seg opp med spikerstøvler på føtene. Lars, ein lokal unggutt kom forbi og viste dei korleis ein skulle gjere det. Han klatra stødig opp og ned berføtt. På cruxet fekk dei bruk for denne teknikken. Det var R.Løchen som klatra berføtt i den skarpe enden. *”Betids vi lærte nok av Lars. At barføtt glir man ei tilbar’s”* står det i fortellinga frå førstebestigninga (DNT årsbok 1915).

Husbyviktind har aldri hatt stor trafikk. Omlag slik ser historia ut:

- 30.7.1913. Førstebestigning via Vest-eggen av R.Løchen, S. Saxelund, W. Eger og Henning Tønsberg.
- 1974: Forsøk på vinterbestigning frå aust av Arild Meyer og kompanjong
- Juni 1980. Østeggen. Førstebestigning av Nikolai Midttun, Kjell Eugen Andersen, Jan Christian Andersen & Jørn Hansen

- Juni 1980. Ny rute frå vest. Vesteggen direkte. Erik Vike og Roar Eikeland
- 16. mars 1996. Første vinterbestigning av Stein Simenstad, Helga Eide og Gry Omstedt. Under tørre, kalde vinterforhold brukte Stein svasko/klatresko på crux-taulengda.
- 16. september 1999. Variant på østeggen av Remi Bendiksen og Sveinung Råheim.
- 3. september 2024. Nordøstpillaren førstebestiges av Stein Haugen, Dag Einar Olsen og Sveinung Bertnes Råheim.

Det har alltid mangla detaljert skildring av rutene på Husbyviktinden. Det kan derfor vere fleire varianter som er klatra. Spesielt på vestsida, der dei fleste har gått. I april 2024 fekk også tinden si andre vinterbestigning, denne gongen utan bruk av svasko på cruxet. Espen Kringlen, David McKenzie Grant og Olav Evjen sto for det.

Klatinga

Alle anmarsjane til Husbyviktinden går i større og mindre grad på svaberg med lite lausgods og god fjellkvalitet. Store, kvite feltspatkrystallar lyser opp i granitten. Vestsida av fjellet er reinast. Austeggen og Nordaustpillaren følger stort sett bra fjell, men er prega av ein del lav og mose.

Anmarsj og retur

Det er gjort mange variantar på anmarsj og retur på Husbyviktinden. Kartet på motsett side forsøker å summere opp dette.

Rørstad

Bra utgangspunkt for vesteggen. God hamn med molo og gjestehamn.

Husbyvika

Forholdsvis skjerma vik med sandbotn og gode ankringsforhold. Og enkelt å dra små båter / kajaker opp på stranda.

Vestsida alternativ 1.

For å klatre på vestsida er enklaste anmarsj frå Rørstad. Enklaste, men ikkje kortaste veg er å følge tydeleg sti frå Rørstad på sørsida av Hopen. Denne stien går over til Sagfjorden. Etter bratt, men enkel oppstigning langs Mølnelva følger ein svært lettgåtte sva over Tverrufjellet, forbi Bringebærskaret og opp på vestsida av Husbyviktinden. Stigninga opp langs Mølnelva er delvis sikra med wire. Dette er ruta førstebestigarane fulgte. Til tross for at ho er litt lengre er ho muligens raskast.

Vestsida alternativ 2

Frå Rørstad, gå over utløpet frå Hopen. Finn veg opp bratt, ulendt bjørkeli. Følg deretter tildels bratte, fine sva over Straumfjellet bort til Husbyviktinden.

Vestsida alternativ 3.

Frå Rørstad, gå ut på Straumsnesodden. Finn enklaste veg opp bratte renner på ryggen. Følg tildels bratte sva over Straumfjellet.

Retur mot Rørstad

Alle alternativ kan nyttast til retur. Minst knot å følge alternativ 1. Fin runde er å starte med alternativ 1, avslutte tilbake over Straumfjellet. NB! Straumfjellet har ein del svært bratte sva. Er det våt må ein rekne med å bruke tau.

Austsida

Rutene frå aust når ein enklast frå Husbyvika. Nydeleg svaanmarsj opp på austsida av Husbyviktinden etter ein hyggeleg start gjennom bjørke- og furuskog.

Retur mot Husbyvika

Enklast mot vest. Første mulegheit er ned bratt renne mot Husbyvika mellom Husbyviktinden og Straumfjellet. Rappelling, laust. Andre mulegheit vist på kartet. Enkel renne ned mot nord. Ein kort og ein lang (ca 55 m) rappell, rappellfester i solide tre. Muleg det og går fint å gå ned heilt mot vest.



Utsikt frå øvste rappell på Husbyviktind. ©Sveinung Bertnes Råheim



Vest-eggen

”Normalvegen” på Husbyviktinden. Stort sett enkel svaklating.

1. Vesteggen på Husbyviktinden4

Frå lite vatn, følg hylle opp høgre. Når hylla slutter, klyv sva oppover og etterkvart mot venstre. Eksponert, men enkelt. Viktig med gode vegvalg, vurder taubruk Kryss ganske langt mot venstre, klatre deretter dieder i ca 50 m til standplass (ca grad 4). Frå standplassen, klyv til topps, ca 200 meter vidare oppover.

FG: R.Løchen, S. Saxelund, W. Eger og Henning Tønsberg 30.7.1913.

2. Vesteggen direkte..... 5?

Lite kjent om denne. Følgjer muligens opp dagens rappell-rute. FG: Roar Eikeland & Erik Vike 1980.

Det er sannsynlegvis muleg å klatre fleire varianter på vesteggen, blant anna opp dei litt brattare diedera mot toppen. Generelt reint, fast fjell, men mykje grønt i alle riss.

Retur ned vesteggen

Per 2024 er det 5 etablerte rappellfester ned vesteggen. Alle rappeller er slynger rundt blokker / kiler med karabiner i stål eller aluminium. Ta med utstyr for oppfrisking! Med doble tau treng ein 3-4 rappeller ned.

Anbefalt rappell-rute:


Start på rappellfeste 1, rappeller ned til nr 3 (40-50 m). Herifrå når ein ned til rappell nr 4, deretter ned til nr 5. Alle rappeller krev doble tau, 60 m.


Det er muleg å klyve ned til rappellfeste nr 2.

Derifrå er det akkurat 60 m ned til hyllene over rappellfeste 4. Ein sparer då ein rappell, men får litt utsatt klyving både ned til rappell 2 og ned til rappell 4.

Klyving opp starten på vesteggen på Husbyviktinden.

Morten Næss, Arnt Helge Tjungen og Kenneth Mjelle klyv opper ©Sveinung Bertnes Råheim





Austsida av Husbyviktinden. Austeggen til venstre med to varianter, nordaustpillaren til høgre. Hammeren i starten på austeggen er rett til venstre for 2-talet.



Hammeren i starten av austeggen. Førstebestigarane fulgte rute 1.

Aust-eggane

Fine rundturer over Husbyviktinden. Meir begrodden enn austsida.

1. Østeggen på Husbyviktinden5

Fin tur i godt fjell. Desverre mykje begrodd med lav og mose. Eit moderat rack er tilstrekkeleg, greit med doble tau. Etter å ha kome opp i skaret mellom punkt 513 og Husbyviktinden følger ein fine, etterkvart bratte sva som ender i bratt hammer. Denne runder ein på venstre side. Vidare oppover langs

2. Østeggen høgre variant5

Klatre hammeren via bratt riss i høgre kant. Følg deretter eggen til topps, felles med rute 1 etter halvanna taulengde. FG: Remi Bendiksen og Sveinung Bertnes Råheim 16.9.1999.

Retur ned vesteggen for begge rutene.



Siste del av austeggen på Husbyviktinden. Fantastisk fjellklatring. Stein Haugen leder, Sveinung Bertnes Råheim sikrer. ©Dag Einar Olsen



3. Nordøstpillaren på Husbyviktinden 5

5 taulengder, jamn, forholdsvis vedvarande klatring. Før ein kjem til punkt 513 går ein opp høgre inn i gryte til venstre for sjølve pillaren. Gå så høgt som muleg på gras/mosehyller.


- Første taulengde sikter på markert dieder, stand etter ca 60 meter.
- Andre taulengde går ut på eggen, følger egg og dieder til standplass under lite framspring i diederet. Ca 35 m.
- Tredje taulengde fortsett opp diederet, bratt og velsikra. Deretter litt mindre bratt og meir begrodd til standplass etter ca 40 m.
- Fjerde taulengde fortsett oppover slak egg. Bratnar til etter ca 20m, opptak her med ok sikring, klatra på kanten/eggen. Deretter slakt i land på fortoppen, standplass etter ca 50 m på god hylle.
- Femte taulengde er felles med austeggen. Følgjer eggen til topps. Fin klatring ca grad 4-.

Fordel med dobbelt tau. Normalt sikringsutstyr førstebestigerne hadde stor nytte av offsetttiler i tildels små størrelser og et assortert utvalg av cam's. Standplass 2 besto av 2 gule og ein blå cam. Fjellet er generelt av svært god kvalitet. Det er desverre litt overgrodd på deler av ruta. Riss er ofte og fylt med vegetasjon og jord. FG: Stein Haugen, Dag Einar Olsen og Sveinung Bertnes Råheim 2.9.2024. Graderingane er litt omtrentlege, det var fuktig lav og mose på hånd- og fottak under førstebestigninga.

Retur ned mot vest.



Oppe til venstre: Dag Einar Olsen følger på 2. taulengde på Nordaustpillaren. ©Stein Haugen
Oppe til høyre. Dag Einar Olsen på fin diederklätning i 3. taulengde på Nordaustpillaren. ©Stein Haugen.
Nedst: Husbyviktind-anmarsj. Eit hav av grove svaberg. ©Sveinung Bertnes Råheim.



Skottindtraversen

Skottindtraversen skildra frå nordvest mot søraust.

Flott tur. Mykje utsatt klyving, litt klatring, men det meste løyser seg.

Nødvendig med tau til enkel klatring og rappellering, fordel med 2x60 ned frå Store Skotstinden.

For estetikken bør turen anten starte i nord ved havet. Ein får då ca to taulengder litt smågrumsete klatring opp mot høgde 532.

Alternativt kan ein klyve opp rampa markert på kartet eller gå opp i Nordskotdalen, ta stien mot Fuomoa og traversere ut til høgde 532. Traversen byrjar uansett på høgde 532! Denne skildringa er meir detaljert opp til Store Skotstinden (1-5). Vidare skildring er henta frå tur i 1998 og nokre korte notater frå den turen.

1. Utsett klyving opp bratt, delvis vegetert rampe.
2. Luftig klyving
3. Luftig klyving. Er rigga rappell for dei som kjem frå sør.
4. Luftig klyving. Er rigga rappell for dei som kjem frå sør.
5. Rappell ned bratt hammer rett før toppen. Ca 25 meter. Klatring opp er ca grad 3 i godt fjell. Vidare klyving opp på Store Skotstinden, uttopping via hol er enklast.
6. To slake rappellar ned frå Store Skotstind. Fleire har klyve ned her, men det er svært utsett.
7. Kort, utsatt klatring før toppen av Lille Skotstind.
8. Kort rappell ned i V-skar rett før topp 566. Muleg å klyve, men utsatt.
9. Fire-fem meter høg, overhengande hammar. Ca grad 5.

Turen er også gått frå sør til nord. Uvisst kor dei då gjekk ned. Det er to enkle taulengder klatring opp på Store Skotstind.



Enklaste veg ned frå toppen av Store Skotstind mot vest. Finn holet, klyv ned. ©Espen Kringlen



Hamarøyskافتet

Hamarøyskافتet på Hamarøya er eit populært klatremål. Her viser vi kun normalvegen med omtrentleg linjeføring og rappellane ned. Det går fleire ruter her, for meir info sjå Klatrefører for Narvik.

Klatringa her er ganske enkel. Det er ikkje uvanleg å gå utan tau opp. Klatringa er opptaksprega. Det vanskelegaste punktet er sannsynlegvis ca grad 5. Det er etablert rappellrute ned. Det er muleg å gjere dette med 60 meters tau. Andre rappell er lang, her må du rappellere heilt ut tauet. Men det går.



Det tekniske cruxet på Hamarøyskaflet. Godt beskytta, men frient. Bildet tatt på tur med ungdommar frå Bodø klatreklubb. ©Sveinung Bertnes Råheim